
Vår referanse 2020/41958-4
Dato 27.04.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn – Dispensasjon - gnr. 434, bnr. 52 - Grindheim - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Viser til sak datert 14.02.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 09.03.2020 med varsel om synfaring samt e-post frå ansvarleg søkjar sendt 23.04.2020.

I e-post frå ansvarleg søkjar blir seksjon for kulturarv gjort merksam på at det vart utført ei kulturhistorisk synfaring i forbindelse frådelingssaka i 2015. Grunna nytt arkivsystem i forbindelse med samanslåing til Vestland fylkeskommune blei ikkje dette fanga opp av saksbehandlar.

Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 16.02.2015. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Vårt varsel om kulturhistorisk synfaring datert 09.03.2020 går difor ut.

Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskreven underskrift

Kopi til:
HAMMAR-KAMERATANE AS Hella 60